



# Romjul i Eidsdal 2019

Side 2 Romjulspretten

Side 3 Turneringsreglement  
romjulssprettten volleyball

Side 4 Telenor ENG-Cup

# Romjulssprett

Laurdag 28. desember  
Gymsalen Eidsdal skule



Bli med på ein sosial og artig aktivitetsdag i Eidsdal! Uhøgtidleg - utan topping av lag. Inkludering, fellesskap og god mosjon er viktigast.

Kl. 10-12 Fotballturnering for 3.-7. klassingar  
Meld på individuelt. Vi set opp lag.  
Premieutdeling til slutt.

Kl. 12-18 Volleyballturnering for 8. klasse og eldre  
Påmelding lagvis inkl. innbyttarar. Merk turneringsreglement.  
Premie til vinnarlag + fair play pris

Påmelding: til Merete innan dagen før kl. 20.

[merete@verdsarvfjord.no](mailto:merete@verdsarvfjord.no) Mobil: 99376585

Kontingent: Kr. 30 pr. deltakar

Enkelt kiosksal

*Velkomne til alle mosjonsglade!*  
*Håper du kjem!*



# TURNERINGSREGLEMENT ROMJULSSPRETTEN

## VOLLEYBALL



### GENERELT

- ∞ Eit lag kan spele med så mange innbyttrar dei sjølve vil.
- ∞ Ein spelar kan spele på max 2 lag, men dette skal då gå fram av spelaroversikta ved påmelding.
- ∞ Dersom eit lag mistar spelarar undervegs i turneringa (skade el. anna), skal det vere høve til å setje inn andre spelarar, men ikkje på ein slik måte at spelarbytta bidreg til å styrke laget merkbar i høve til «startoppstillinga». Endringar på lagoppsett skal godkjennast av arrangør (eigen jury).
- ∞ Alle kampar går max 3x15 poengers sett. Men vi set eit tak på ca. 20 min. speletid (+5 min. «slingringsmonn»), elles kan tidsskjema sprekke totalt 😞. Det laget som ligg best an når tida er ute, vinn. **NB: Notere resultatet i setta - kan bli avgjerande! = beste «målforskjell»**
- ∞ Dommaren dømmer (bestemmer) - også når han dømmer feil!
- ∞ Generelt følgjer vi spelereglane i volleyball. Merk då:
  - Alle ballar gjev poeng, ikkje berre sørv.
  - Ballen kan berøre nettet på sørv
  - Det er lov å bruke alle delar av kroppen, men ballen skal slåast - ikkje førast eller kastast
  - Max tre slag på ei side før ballen må over nettet. Men berøring i «blokk» tell ikkje som eit slag.
  - Det er lov å ta att ballen frå nettet innafor laget sine tre slag
  - Vi dømmer på:
    - Sørvfeil (trakk på strek, feil ved oppkast av ball mm) (men bruk skjønn etter alder og ferdigheit!). Viktig at unge spelarar får sjansen til å lukkast!
    - Nettberøring
    - Inntreden i «spelerommet» til det andre laget (over eller under nettet)

### KÅRING AV VINNARAR

- ∞ Ved rein serie: Laget som vinn flest kampar, vinn turneringa
- ∞ Dersom fleire lag har like mange singlar i innleiande rundar, vinn den som
  - Har vunne flest sett
  - Har best «målforskjell» totalt sett.
- ∞ Ein vandrepokal vert delt ut til vinnarlaget. Denne går «evig». Det følgjer med ein diplom der namna på vinnarane frå år til år vert ført opp. Pokal og diplom skal til vanleg stå på klubbhuset på Løvoll.

### KÅRING AV FAIR PLAY-LAGET

- ∞ Det vert delt ut ein eigen pris til det laget som utmerkar seg som fair play-lag.
- ∞ Eigen jury bestemmer kven som får prisen. Dei kan òg velje å *ikkje* dele han ut.
- ∞ Fleire forhold undervegs kan bidra i juryen si vurdering, men forhold som i utgangspunktet bør telje med er
  - Lagoppsett
  - Inkludering og involvering undervegs
  - Opptreden i kampane (og utanom kampane)



# Telenor ENG cup og premieutdeling

Søndag 29. desember

Kl. 13.00 på Løvoll

Vi er klare for sesongens første skirenn! Er du?

Mjuk start:

## 0-løp, med eller utan nissehue

Dette tyder at du skal gå to rundar gjennom den same løypa, og prøve å gå like fort (eller seint) på kvar runde.

I tillegg vert det denne gongen også **premieutdeling for ENG-cupen frå sist vinter!**

## Påmelding til skirenn

Til Merete innan kvelden før kl. 21: merete@verdsarvfjord  
el. melding på 99376585

Hugs å melde på med fødselsår.

## Kiosksal

PS: Er det ikkje snø på Løvollen, vert rennet flytta til Korsmyra, eller vi lagar eit arrangement med annan fysisk aktivitet. Følg med på facebook.



Arr. Skigruppa Eidsdal IL